

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 27.11.2018

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Følgjande uttale vert gjeve i samband med endringar i fagskulelova om studentombod, trakassering og tilrettelegging av læringsmiljø:

Hordaland fylkeskommune støttar departementet sine forslag til endring av fagskulelova om å; lovfeste ordning med studentombod, å synleggjere utdanningsinstitusjonane si plikt til å førebygge og forhindre trakassering, samt å harmonisere § 15 i fagskulelova med Likestillings- og diskrimineringslova § 21.

Hordaland fylkeskommune støttar derimot ikkje at kostnadene knytt til ordninga med studentombod skal takast innanfor fagskulane sine eigne rammer. Hordaland fylkeskommune meiner at det må vere ein føresetnad at ordninga med studentombod vert følgt opp med statleg finansiering.